



Å R D A L  
K O M M U N E

Sakshandsamar:  
A. Lavik

Vår dato:  
09.01.1987

Vår referanse:  
504

ÅRDAL KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR SEIMSHAGANE

TEIKNING NR 8701

Dato for siste revisjon av planen:

Dato for vedtak i kommunestyret:

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense.

Området er regulert til disse formåla:

BYGGEOMRÅDE

TRAFIKKOMRÅDE

FRIOMRÅDE

FAREOMRÅDE

SPELALOMRÅDE



Vår dato:  
09.01.1987

Vår referanse:  
504

Sakshandsamar:  
A. Lavik

---

Føresegner knytta til § 25 i bygningslova:

1. BYGGEOMRÅDE

1.1 Bustader: - I området skal det oppførast bustader med tilhøyrande anlegg.

3. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

- I området skal det leggest:  
- køyreveg  
- gangveg  
- snuplass for kollektivtrafikk med buss-stopp

4. FRIOMRÅDE

- Områda merka "LEIK" skal nyttast til leik og sport. Byggverk og anlegg som trengst til føremålet, og som ikkje er til hinder for bruken av område som friområde, kan oppførast etter godkjenning av bygningsrådet.

5. FAREOMRÅDE

- I området er det flaumfare

6. SPESIALOMRÅDE

6.1 Kom.tekn. anl: - I området skal det byggast høgdebasseng og trafo.

6.2 Massetak: - I området skal det takast ut massar ned til cote 155 i aust og i plan med veg 1409 i vest. Etter at masse-takdrifta er avslutta skal formålet vera byggeområde, og området skal etter godkjent utbyggingsplan utbyggast med bustader.

Føresegner knytta til § 26 i bygningslova:

§ 26 nr 1 a) - Stigningstilhøva på vegane er vist på plankartet.  
- I området mellom frisiktlinja og vegformål (frisiktsoner) skal det ved kryss, avkøyrslar vera fri sikt i ei høgd på 0,5 m over tilstøytande vegar sitt planum.  
- Bustadfelta (A - V) skal utbyggast med frittliggande bygg i inntil 2 etasjar.  
- Bygg skal plasserast innanfor dei viste byggegrenser.  
- Garasjar skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset og tilpassast dette m. o. t.



Vår dato:  
09.01.1987

Vår referanse:  
504

Sakshandsamar:  
A. Lavik

---

- materialval, form og farge. Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om den ikkje skal oppførast samstundes med dette.
- Tomtene i felt A - V kan påbyggast med inntil 20 % av tomta sitt nettoareal.
  - Eksisterande steingjerde innan reguleringsfeltet som skal bevarast er særskilt avmerka på plankartet.
  - I bustadområda A - V skal det på eigen grunn lagast 2 biloppstillingsplassar pr tomt.
  - Mot kommunal veg er det ikkje påbode med gjerde. Event. gjerde må ikkje vera høgare enn 0,6 meter over vegbana.

FELLES FØRESEGNER:

- Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillata mindre vesentlege unnatak frå desse føresegnene. Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar som strir mot planen og føresegnene.